

ANNONSE

[EKSINGDALEN](#) [STAMNES](#) [JOKER STAMNES](#) [VAKSDAL](#)

## Øl og mjøl i nyebutikken



OPNAR: I løpet av nokre veker vil butikken på Lavik opna dørene att. Foto: Hege Lavik

Av [Jan-Egil Dyvik](#)

Publisert:

31.01.25 16:00

Del

Bygdebutikken i Eksingedalen er snart bygt opp att, og Joker-butikken på Stamnes har satsa på delvis fjernbetjent butikk. På Lavik vert det snart både øl og lokalt mjøl.

For abonnentar

- Dette fortener dei ros for. Det er gledeleg å sjå at desse to butikkane satsar, og at det er så mykje driv i arbeidet, sa Boris Groth (Frp), då fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk var føre og vart godkjent i formannskapet nyleg.

## Lengre opningstid er sikrare grunnlag

Ordførar Hege Eide Vik (Sp), var heilt samd med dei verbale blomane som Frp kom med i saka.

- Me har vore langt framme i skorne når det gjeld salsløyve til slike butikkar som det her er tale om. Då me i si tid gav løyve til alkoholsal i ein butikk som er delvis fjernbetjent, så var vel det noko heilt nytt. No har fleire andre følgt etter. Slike butikkar kan også ha lengre opningstider og tilgang for kundane. Dermed er dette også med og sikrar grunnlaget for slike butikkar, konkluderte Groth.



BUTIKK: Nyebutikken i solnedgang. Foto: Hege Lavik

## Butikken i dalen

- Ja, i Eksingedalen er det ei god og dyktig forretningsdame som driv, og som byggjer butikken opp att etter brannen. Og så sel ho mjøl frå Møllerens. på Vaksdal. Så her er det berre å bruaka butikken når den opnar att, la Lars Bjarte Nesheim (KrF), smilande til.

ANNONSE

- Ja, me må ha skikkeleg mjøl, svarer styraren sjølv, Hege Lavik, når VP spør ho om nett dette.

Så etter vedtaket i formannskapet, så vert det både mjøl og øl når Hege kan opna dørene att i nyebutikken, er me samde om.

- Det er svært hektisk for tida, men i løpet av nokre veker så vil eg opna. Det er ein del som skjer før den tid, og så må det passa for alle fagfolka som må inn og jobba. I beste fall kan eg opna om to-tre veker, eller det kan gå eit par veker lenger enn det. Men i mars, då vil det nok vera butikk i Eksingedalen att, meiner Hege.

## Joker-Stamnes

Stamnes Handel AS har, som butikken i dalen, også fått tilskot frå det kommunale Næringsfondet. På Stamnes fekk dei 300.000 kr i tilskot til «delvis fjernbetjent butikk», som kommunedirektøren har understreka at ein skal nemna ei slik ordning som.

ANNONSE

I tillegg til midlane frå kommunen, har Stamnes Handel AS også fått investeringsstøtte frå Merkur-programmet.



FJERNBETJENT: Joker Stamnes er no delvis fjernbetjent med utvida opningstider. Foto: Jan-Egil Dyvik

- Resten av prosjektet er finansiert ved bruk av eigenkapital, i tillegg til dugnadsarbeid. Total kostnad for prosjektet vart godt og vel 1,2 mill. kr. Det kommunale tilskotet har bidrige til at det var mogeleg å få til ei slik butikkløysing, noko som er eit viktig tiltak for bygda Stamnes, skriv styreleiar Kennet Vik i Stamnes Handel AS, i eit skriv til Vaksdal kommune.

## Rett til formannskapet

Vaksdal Pizzeria har frå før sals- og skjenkkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2. Verksemda fekk i formannskapsmøtet nyleg utvida løyvet til å gjelda gruppe 3, brennevin med alkoholstyrke mellom 22 og 60 prosent, for «skjenking innandørs», som det heiter. Løyvehavar er Vaksdal Pizzeria, og styrar for skjenkkeløyvet er Bankin Ajo.

Det hører også med til saka at slike sals-/skjenke-løyve skulle vore handsama i Levekårsutvalet først.

ANNONSE

- Årsaka til at dei kom her og vart avgjorde direkte i formannskapet, er rett og slett at Levekår ikkje skal ha møte før i mars, forklara kommunedirektør Atle Fasteland. Ingen hadde innvendingar til at det vart ordna slik denne gongen. Les meir om: [Eksingedalen](#) [Stamnes](#) [Joker Stamnes](#) [Vaksdal](#)